



Ørnulf Mykelbust og sonen Simon ombord i Arnedalssnakka frå 1950, med MARNA 8 - 11 HK bensinar.

Kvar sommar kjem familien Lene og Ørnulf Myklebust frå Horsens i Danmark til Neset i Uskedalen. Ørnulf (53) er oppglødd for trebåtar. Han har store kunnskapar om båt og motor. Han veit det meste og med god hjelp av venene Tore Langballe og Ole Kristoffer Vågen på Skorpo, går det unna med motoroverhaling og skrogarbeid. Uskedalen.no vart invitert med på tur i den 21 fot opne snekka frå 1950 med Marna 8 - 11 HK, bensinar frå om lag same tid.

Det var far hans, Nils Myklebust, som kjøpte snekka på Sunde i 1970. Snekkja var open. Nils valde å byggja eit overbygg. Han la inn skandekkk. Ørnulf vil ha snekka tilbake i original stand. Overbygget er rive. Skandekket forut skal også bort. Det skal inn ny dørk og rekka skal fornyast. MARNA bensinmotor, bygd i Mandal, er den beste snekkemotoren, går roleg og gjer god fart med høg stigning på propellen.



Med to forsøk startar MARNA`en frå 1950.

Ørnulf var tidleg på sjøen som gut. Han fekk vera med bestefar sin, Odd Myklebust, på fising med færing Etter det fekk han interesse for båt og motor. Han gjer alt sjølv. Berre dei færrest veit og kan korleis ein skal maura ei skute. Å maura tyder å tetta båten mens den ligg på sjø. Det var maurtuver i sekker som vart sleppte ned langs skutesida. Mauren og rusket vart sogne inn i sprekkene og tetta fartyet. Ørnulf brukar ikkje maur, men sagmo frå Trelasten og gjer tettinga på gamlemåten.

Familien Ørnulf, Lene, Nina og Simon bur Horsens by med 80000 innbyggjarar. Byen ligg sør for Århus, innerst i Horsnesfjorden. Ørnulf har arbeidet sitt i røykeriet på den store kjøttfabrikken ATRIA Skandinavia. Det vert produsert og eksportert kjøttprodukt i heile Norden. Firma er særleg kjend for salamipålegget sitt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Simon Gibskov Myklebust (10 år) til rors på seglas til Skorpo.